

Høyring – kyrkjeordning for Den norske kyrkja

Bremanger kyrkjelege fellestråd har motteke Høyringsdokument frå Kyrkjerådet om ny kyrkjeordning for Den norske kyrkja med høyringsfrist 15.12.2018. Under følgjer Bremanger kyrkjelege fellestråd sitt høyrings svar.

Kommentarar til ordningsforslaget

Bremanger kyrkjelege fellestråd er positive til at hovudtrekkene i dagens Kyrkjelov vert ført vidare i framlegget til ny kyrkjeordning. Det er særleg positivt til at oppgåver og ansvarsområde for soknet sine organ i stor grad vert vidareført frå gjeldande kyrkjelov og svært positivt at Fellestrådet sin funksjon og status vert bekrefta.

Til kapittel 1 (§§ 1-8):

Bremanger kyrkjelege fellestråd er positive til at det vert lagt eit godt fundament, eller eit læregrunnlag for Den norske kyrkja, som krev 2/3 fleirtal for å endre.

Men vi saknar eit regelfesta formål for Den norske kyrkja, som vi foreslår vert teken inn i ein ny § 1, og som bør erstatte § 1 i noverande Kyrkjelov og forslå difor:

§ 1 Ordningas formål.

Formålet med ordninga er å legge forholda til rette for et aktivt engasjement og ei stadig fornying i den evangelisk-lutherske folkekyrkje i Norge.

Til § 5 Tenestefellesskap og dei vigsla tenestene

Bremanger kyrkjelege fellestråd forslår å stryke denne paragrafen. Slik den no står kan den heller svekke enn styrke tanken om eit tenestefellesskap av medarbeidere. Eit skilje mellom ikkje-vigsla og vigsla medarbeidarar slik det er opplista, er kunstig med utgangspunkt i tanken om eit tenestefellesskap.

Til § 6 Organisering av Den norske kyrkja

Bremanger kyrkjelege fellestråd ønskjer å sikre at styring og leiing av Den norske kyrkja skjer med utgangspunkt i demokratiske prinsipp på alle nivå. Slik § 6, 3. ledd er formulert vil dette kunne verte svekka. Å sikre medverknad frå prestelina, kan verte regulert slik:

§ 6, 3. ledd: Styring og leiing av Den norske kyrkja skal bygge på demokratiske prinsipp og skal vere forankra i demokratisk valde organ på alle nivå. Prestetenesta er representert i dei valde styringsorgan etter nærare regler fastsett av Kyrkjemøtet.

Til kapittel 2 (§§ 9 – 14):

Til § 9, 1. ledd

Dette synest å vere noko uklart. Bremanger kyrkjelege fellestråd er usikre på kva som ligg i nemninga «administrativ ramme». Soknet sitt sjølvstende som grunnleggjande eining må kome tydelegare fram.

Til § 11, 4. ledd.

Bremanger kyrkjelege fellestråd er forundra over dette forslaget. Kvifor skal ein endre på at det er «kyrkjebokføraren på bustaden» som tek imot inn- eller utmelding.

Forslag:

§ 11. 4. ledd: Den som vil melde seg inn i eller ut av Den norske kyrkja tek kontakt med kyrkjebokføraren på bustaden eller med Kyrkjerådet.

Til kapittel 3 (§§ 15 – 26):

Bremanger kyrkjelege fellestråd har ingen merknader, og støtter framlegget.

Til kapittel 4 (§§ 27 – 31):

Bremanger kyrkjelege fellestråd har ingen merknader, og støtter framlegget.

Til kapittel 5 (§§ 32 – 44):**Til § 39, 2. ledd**

Her vert det gjort framlegg om eit nytt første punktum som ikkje er utgreidd. Endringar i Bispemøtet sin funksjon og myndigheitsområde tilrår vi å utsetje. Dagens ordning sikrar den einskilde biskop sjølvstende i sine tenesteoppgåver, jfr. også 3. ledd i same paragraf i ordningsforslaget. Bremanger kyrkjelege fellestråd foreslår at første punktum i § 39, 2. ledd vert stroke.

Til kapittel 6 (§§ 45 – 50):**Til § 47 Tilgang til å stille vilkår for om medlemskap i Den norske kyrkje for tilsette og ombod.**

Bremanger kyrkjelege fellestråd meiner det beste vil vere om det er mogleg å oppretthalde eit generelt krav om medlemskap i forhold til tilsette i kyrkjelydane. Dersom det ikkje er mogleg i høve lovverket, bør 2. ledd opne for eit vidare grunnlag enn «eit ansvar for kyrkjas lære», da det er viktig at stillingar som har betydning for verkeleggjering av formålet, og har krav til medlemskap i Den norske kyrkja.